

INTERNASJONALT FJORDHESTMØTE

I samband med hingsteutstillinga på Nordfjordeid i vår vart det skipa til eit møte for dei ulike land som var representerte på utstillinga. Møtet hadde ei uformell form, men det gav godt høve å drøfta mange sider både i marknadsføring, avl og bruk av fjordhest.

Med omsyn til marknadsføring må vi bli flinkare å samarbeide. Ein film som synte bruken av fjordhesten i dei ymse land, burde kunne vera ei god investering. Samarbeid om produksjon av ulike reklame-ting ville også vera nyttig.

Med omsyn til avl og avlsmål var det stor semje mellom dei ulike land. Fjordhesten sitt preg og lynne måtte ein halde på.

Elles må vi ta hensyn til at fjordhesten har fått nytt bruksområde. Bruk av hest i jord- og skogbruket er ikkje lenger nok å tufta avlen på.

Det positive her var at fleire land meinte at dersom vi var flinke å nytta ut fjordingen som fritidshest kunne denne marknaden bli svært stor.

Spørsmålet om ein internasjonal fjordhestorganisasjon vart også



Deltakarane på det internasjonale møtet på Nordfjordeid, mai 1989
 Frå høgre: Joke Bon, Bob Bon, Nederland, Daniel Aronius, form. Sverige, Søren Juellund, form. Danmark, Birgit Mortensen, sekr. Danmark, Claus Brokholm, kass. Danmark, Helga Olsen, styremedl. Danmark.

drøfta; men dei fleste meinte at no måtte vi styrkja organisasjonsarbeidet i dei einskilde land før vi gjekk vidare.

Kontakt mellom landa meinte alle var viktig og at ein burde nytta slike høve som hingsteutstillinga Nordfjordeid til uformelle drøftingar.

Gledeleg var det også at statskonsulent Arve Rolstad hadde høve til å vera med på møtet.



Frå venstre: Gøran Akselson, kass. Sverige, Inge Persson, styremedl. Sverige, Ulla Persson, David Kløve, Jacob Rødland, Philip Prichard, USA, Karen Cabic, USA, Arne Presthus.

NORTRA om fjordhest og turisme

Vi viser til tidligere telefonsamtaler angående ovennevnte, og beklager nok en gang at det ikke lot seg gjøre med fremmøte fra en representant fra NORTRA.

Det er imidlertid et prisgitt initiativ De her har tatt til samarbeide mellom Norges Fjordhestlag og NORTRA. Reiselivsproduktet består som kjent av såvel transport, overnatting, bespising, service aktiviteter og opplevelse. Det er denne helheten som danner det man kan definere som et godt reiselivsprodukt. Her er det klart at fjordhesten kan utnyttes til å skape et godt og komplett tilbud på flere ulike tilbud på flere ulike plan.

NORTRA stiller gjerne opp ved en senere anledning for nærmere diskusjoner rundt dette. Vi har allerede satt av tidsrommet 3.-5. mai 1990, og forventer å høre nærmere om hvilken av de nevnte dager som vil være best egnet.

Med ønsker om et vellykket tillitsmannsmøte.

Vennlig hilsen
 NORTRA
 Nils-Erik Nilsen